



Saksframlegg

Temanotat for Energi- og klima

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
019/21	Formannskapet	18.02.2021

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.02.2021	Analyse av den digitale spørjeundersøkinga	1357023
10.02.2021	08.02.21 Temanotat for klima og miljø Fjord	1357269

Kommunedirektøren si innstilling:

Formannskapet ber administrasjonen legge *Temanotat for Energi- og klima* til grunn for utarbeiding av klimabudsjett og fastsetting av mål for klimagassutslepp i Fjord kommune

Formannskapet 18.02.2021:

Saksbehandlar Monika Høydal Lingaas møtte og orienterte om saka.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FS- 019/21 Vedtak:

Formannskapet ber administrasjonen legge *Temanotat for Energi- og klima* til grunn for utarbeiding av klimabudsjett og fastsetting av mål for klimagassutslepp i Fjord kommune.

Saksgrunnlag:

Formannskapet vedtok i møte 23.04.2020 oppstart av arbeid med kommunedelplan for Energi- og klima 2020-2030 og planprogrammet blei lagt ut på høyring, det kom ikkje inn merknadar til planprogrammet.

Det har vore søkt midlar frå Klimasats til Energi og klimanettverk på Sunnmøre i regi av Sunnmøre Regionråd. Det har deretter vore arbeidd med Energi- og klimaplanen, men Sunnmøre Energiråd v/Einar Haram har hatt store utfordringar med å få kommunane til å prioritere arbeidet. Dette har seinka arbeidet vesentleg. Utgangspunktet var at alle Sunnmørskommunane skulle prioritere dette arbeidet og at vi skulle «gå i takt». I tillegg er dette eit nytt fagområde for kommunane der ikkje alt er på plass m.o.t metode, datagrunnlag m.m. Til saman har dette ført til at arbeidet ikkje har gått så fort framover som ein hadde sett føre seg ved oppstart.

Fjord kommune har saman med Stranda kommune samarbeidt godt og tett med Sunnmøre Regionråd, og det har gjort at vi ligg langt framme i løypa i arbeidet med denne planen samanlikna

med dei andre kommunane.

Saksopplysningar:

Vi hadde utfordringar med å skaffe eit godt nok vedtaksgrunnlag for Energi- og klimaplanen. Vi såg at vi måtte utarbeide eit datagrunnlag, kva er status i Fjord kommune. Vi har valt å kalle datagrunnlaget Temanotat for Energi- og klima (vedlagt).

I tillegg har vi gjort ei innbyggjarundersøking for å få betre oversikt over haldningar til miljøarbeidet kommunen har sett i gang blant innbyggjarane. Resultatet av denne undersøkninga er lagt ved.

I førre Energi og klimaplan for perioden 2009-2019 hadde Norddal og Stordal kommunar ulike mål for klimautsleppa.

Norrdal kommune hadde som mål å redusere energiforbruket i kommunal bygningsmasse med 25% innen 2020 ift.2008.

Dette målet er oppnådd. Gjennomførte tiltak:

- *Energieffektiviseringstiltak på eksisterande bygg*
- *Renovering av bygningsmasse*
- *Sal av gammal bygningsmasse*
- *Oppvarming med straum er erstatta med fjernvarme*
- *Varmestyring*

Stordal kommune hadde som mål å redusere energiforbruket pr/m2 BRA kommunal bygningsmasse med 10% innan 2015 ift.2008.

Dette målet vart oppnådd. Gjennomførte tiltak:

- *Energieffektiviseringstiltak på eksisterande bygg*
- *Renovering av bygningsmasse*
- *Varmestyring*

I tillegg er der gjennomført utskifting av armaturar frå HQL til LED på gatelys for begge kommunane.

Regjeringa har lagt fram Klimaplan 2021-2030, eit sentralt element i planen er politikk for å kutte dei ikkje kvotepliktige utsleppa (utslepp frå transport, jordbruk med meir) med 45 % innan 2030.

Tala viser at Fjord kommune som samfunn har størst utslepp i jordbruk, deretter kjem sjøfart og vegtrafikk. Arbeidet framover skal kartlegge kva mål som er realistiske for Fjord kommune å sette seg. Ambisjonen bør vere å ikkje ligge under det nasjonale nivået.

Klimabudsjett er eit styringsverktøy for å oppnå målfesta kutt i klimagassutslepp. Klimabudsjett gjev ei oversikt over kommunen sine utslepp og viser korleis utsleppsmåla kan nåast, kva tiltak som blir iverksett og kven som er ansvarleg for gjennomføring. I tillegg vil eit klimabudsjett ofte vise korleis ein legg an med tiltaka gjennom årleg rapportering på klimabudsjett.

Klimabudsjettet kan erstatte handlingsdelen i Energi- og klimaplanen.

Uttale frå:

Saksvurdering og konklusjon:

Dersom det skal lagast ein Energi- og klimaplan som skal vere til grunnlag for dei tiltaka kommunen ynskjer å gjennomføre på miljørada er det særskilt viktig at den byggjer på fakta og realistiske føresetnader. Vi måtte ta jobben med å lage temanotatet som skal ligge som grunnlag til Energi- og klimaplanen.

I samband med budsjettet for 2021 skal det lagast eit klimabudsjett. Klimabudsjettet skal erstatte handlingsplanen i Energi- og klimaplanen.

Karl André Birkhol
kommunedirektør